



Foto: Roar Bævre

Vedteke: 12.06.2023

# Etne kommune

## Ordensreglement for skulane



*trygg • raus • engasjert* MOT

# Innhald

1. Innleiing .....	2
§ 1. Heimel.....	2
§ 2. Føremål.....	2
§ 3. Verkeområde .....	2
§ 4. Rettar .....	3
§ 5. Plikter .....	3
2. Reglar for orden og åtferd .....	3
§ 6. Følgjande reglar gjeld.....	3
§ 6-1. Farlege gjenstandar: .....	3
§ 6-2. Rusmiddel: .....	4
§ 6-3 Mobbing og annan valdeleg åtferd:.....	4
§ 6-4 Trakassering og rasisme.....	4
§ 6-5. Privat mobiltelefon/nettbrett/PC/mobilklokke o.l.: .....	4
§ 6-6. Kommunal iPad og PC.....	4
§ 6-7. Ansvar for verdisaker .....	4
3. Konsekvensar og handtering.....	5
§ 7. Sanksjonar ved brot av ordensreglementet .....	5
§ 8. Kontroll ved mistanke om regelbrot .....	6
§ 9. Straffbare forhold .....	6
§ 10. Ugyldig fråvær.....	7
§ 11. Karakterar i orden og åtferd (jfr. forskrift til Opplæringslova § 3-4): .....	7
4. Sakshandsaming .....	8
§ 12. Generelt .....	8
§ 13. Kunngjering .....	8
§ 14. Endring av forskrifta .....	8
§ 15. Iverksetjing.....	8



# I. Innleiing

## § 1. Heimel

---

Ordensreglementet er heimla i Opplæringslova § 9a-10 og skal *gjerast kjent for elevane og foreldra*.

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §9a-10 til kommunedirektøren, som har delegert vidare til rektor ved skulen å handsama saker etter ordensreglementet.

Kommunen og den einskilde skule har ein plan som omhandlar elevane sitt psykososiale miljø etter *kap.9a i Opplæringslova*.

§ 1-15 gjeld for begge skulane i Etne kommune.

## § 2. Føremål

---

Skulane i Etne skal vera prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Dette ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsetjinga og for å sikra at skulesamfunnet skal vera ein lærings- og arbeidsplass der alle trivst og får høve til å gjera ein god jobb. Reglementet skal leggja til rette for god læring, og skal vera med på å skapa gode relasjonar mellom elevar, lærarar og andre tilsette.

## § 3. Verkeområde

---

Ordensreglementet omfattar begge grunnskulane i Etne kommune, og gjeld i skuletida, i SFO, i lekseordninga, på skulevegen og ved tilstellingar under leiing av skulen. På skulevegen og ved utflukter må elevane følgja reglar i vegtrafikklova.

Reglementet inneheld reglar for orden og åtferd, og reglar om kva tiltak som skal brukast dersom elevar bryt reglementet (konsekvensar) og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Etne kommune skal ha tydelege vaksne som har eit positivt syn på born og unge. Skulen er ein læringsarena og ein arbeidsplass for mange menneske, både born, unge og vaksne.

Reglementet for orden og åtferd er med på å stilla krav og skapa forventningar for både elevar, føresette og tilsette.

Forskrifta kan ikkje fråvikast.



## § 4. Rettar

---

Som elev har du rett til å:

- a) Ha eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.
- b) Bli behandla på ein ordentleg måte.
- c) Bli vist respekt og få ha personlege eigedelar i fred.
- d) Ha ein skulekvardag fri for krenking og mobbing.
- e) Bli høyrte i skulemiljøsaker som gjeld eleven.

Skulane i Etne kommune skal gje elevane dei beste høva for læring og utvikling. Det er difor viktig å skapa eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette på den einskilde skule. Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevane skal møta førebudde, vera punktlege, følgja undervisningsopplegget, ha med naudsynete læremiddel, bidra til godt samarbeid og følgja opp avtalt arbeid.

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigedelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen.

## § 5. Plikter

---

Som elev har du plikt til å:

- a) Vera på skuleområdet i skuletida (rektor kan gi dispensasjon frå denne regelen)
- b) Møta presis til timar og avtalar
- c) Gjera ditt beste for å bidra til eit godt lærings- og skulemiljø
- d) Visa andre respekt og la deira og skule sine eigedelar vera i fred
- e) Ikkje plaga, sjikanera eller mobba nokon, korkje fysisk, psykisk eller verbalt
- f) Levera inn arbeid og oppgåver til fastsette fristar
- g) Dokumentera fråvære gjennom melding eller innvilga permisjon
- h) Bruka pålagt sikringsutstyr ved skyss i buss og på skuleturar

## 2. Reglar for orden og åtferd

### § 6. Følgjande reglar gjeld

---

#### § 6-1. Farlege gjenstandar:

Det er ikkje tillate å ta med eller bera farlege gjenstandar som kan skada ein sjølv eller andre.



## § 6-2. Rusmiddel:

Det er forbode å vera rusa, bruka, oppbevare, omsetja eller ha med seg tobakk, e-sigarettar, snus, alkohol, narkotika eller andre typar rusmiddel på skulen.

## § 6-3 Mobbing og annan valdeleg åtferd:

Vald og trugsmål om vald skal ikkje akseptast i skulane i Etne kommune. Mobbing og krenking er fysiske/psykiske overgrep retta mot ein eller fleire elevar eller tilsette. Det vert rekna som vald.

## § 6-4 Trakassering og rasisme

Forskjellsbehandling, fysiske eller psykiske angrep på grunn av kjønn og legning er ikkje tillate. Kjønnrelatert og seksualisert trakassering er ikkje tillate i skulane i Etne kommune. Diskriminering, negative fordommar og generaliserande oppfatningar om etniske grupper, dvs. å nekta lik behandling på etnisk grunnlag, vert ikkje akseptert. Negativ forskjellsbehandling eller mobbing i forhold til religiøs tilknytning er ikkje tillate.

## § 6-5. Privat mobiltelefon/nettbrett/PC/mobilklokke o.l.:

Frå og med fyrste til og med siste undervisningstime, inkludert friminutt, skal mobiltelefon og anna privat elektronisk utstyr, som smartklokke, som hovudregel vera avslått og ute av syne. I undervisningstimar kan mobiltelefon og eventuelle anna privat elektronisk utstyr som smartklokker kun brukast etter avtale med faglærar.

## § 6-6. Kommunal iPad og PC

Skulane i Etne kommune nyttar iPad og PC som digitalt verktøy i undervisninga. iPaden og PC skal brukast slik lærar bestemmer. Eleven skal ikkje sletta eller leggja til appar på iPaden og venedekselet iPaden vert levert med, skal alltid vera på.

Det vert forventa at elevane tek godt vare på iPad og PC i samsvar med reglar for bruk av iPad og PC og informasjon til heimen om innføring og bruk av iPad og PC i skulane i Etne kommune. Dette verktøyet skal brukast til skulearbeid heime.

## § 6-7. Ansvar for verdisaker

Elevane som tek med verdisaker, privat mobiltelefon, smartklokke, nettbrett, PC m.m., gjer dette på eige ansvar.



# 3. Konsekvensar og handtering

## § 7. Sanksjonar ved brot av ordensreglementet

1. Den vaksne snakkar med eleven/elevane som bryt ordensreglementet, og prøver via dialog å løysa problemet. Så langt råd er skal ein korrigera åtferd utan at andre ser/høyrer.
2. Ved gjentekne forsøk på å snakka med eleven/elevane, blir det informert om kva som skjer om ordensregelbrot held fram.
3. Skulen vel kva reaksjonsform som er passande ut i frå moglege konsekvensar. Desse konsekvensane er lista opp under §7 og er ordna etter graden av alvorret i regelbrotet.
4. Ved gjentekne regelbrot og/eller alvorlege regelbrot blir konsekvensar på høgste nivå i ordensreglementet brukt.

Det er laga tre ulike nivå for å synleggjera konsekvensane og korleis ein i skulen jobbar med korrigering av åtferd ved brot på ordensreglementet.

### Nivå 1: Ved enkeltstående ordensregelbrot

Den vaksne har samtale med eleven og prøver å hjelpa eleven til å korrigera åtferd:

- Eleven får munnleg melding, eit førehandsvarsel, om at åtferda er eit ordensregelbrot.
- Eleven får informasjon av den vaksne om kva som vil skje om ordensregelbrot held fram.
- Eleven skal, med unntak av særskilde alvorlege ordensregelbrot, alltid ha informasjon før ein går til nivå 2 og gjennomfører reaksjonsformer.
- Ved juks eller forsøk på juks i samband med skulearbeidet, kan rektor bestemma at arbeidet vert annullert.
- Eleven får høve til å ordna opp. Det kan koma krav om erstatning med inntil kroner 5000 til eleven sine føresette, skadeerstatningslova § 1.1.
- Eleven får framovermelding som er ei hjelp til å korrigera åtferd.
- Lærar noterer negative hendingar i Visma som merknad. Ved fleire merknadar som gjeld å koma for seint til time, gløynde/manglande skulesaker og skulearbeid får føresette beskjed frå kontaktlærar. For andre merknadar tar kontaktlærar kontakt med føresette når åtferd utviklar seg i uønska retning. Merknadar er å rekna som dokumentasjon av orden og åtferd.

### Nivå 2: Ved gjentekne ordensregelbrot

Reaksjonsformer kan vera:

- Samtale med eleven.
- Bli fråteke materiell/utstyr ut timen eller dagen.
- Ved forstyrring av undervisning kan eleven jobba utanfor klassefelleskapen med tilsyn. Lærar har heimel til å gjennomføra dette tiltaket.
- Eleven kan få andre avgrensa rettar/inndraging av gode på skulen i ein periode. Slike tiltak blir i hovudsak gjennomført individuelt, men kan bli gjennomført kollektivt som eit ordenstiltak.
- Ved mobbing på skuleveg:
  - Eleven går frå heimen på eit seinare tidspunkt om morgonen enn den/dei som blir plaga, og/eller må vera att på skulen 15 minutt etter dei andre har gått heim. Heimen skal varslast om ei slik ordning.
  - Eleven får ikkje følgja skulebussen til/frå skulen for ein avtalt periode.
  - Skriftleg varsel om fare for nedsett karakter i orden og åtferd for elevar på ungdomstrinnet. Karakteren blir nedsett om eleven ikkje betrar åtferd jamfør skriftleg varsel.



### Nivå 3: Ved særs alvorlege ordensregelbrot

Ved alvorlege regelbrot kan reaksjonen til skulen vera på dette høgste nivået, utan førehandsvarsel.

Dette gjeld blant anna ved bruk av rusmiddel eller tobakk, utøving av fysisk vald/overgrep mot medelevar eller vaksne, identitetstjuveri og ved øydelegging av materiell/utstyr. Lista over særs alvorlege regelbrot er ikkje fullstendig. Dette er ei vurdering skulen gjer.

Reaksjonsformer:

- Det blir naudsynt utarbeidd eit vedtak om bortvising frå undervisning/skulen.
- Utvisning frå skulen, jmf. §9a-11 i Opplæringslova:
  - Elevar på 1. – 7. trinn kan visast bort frå enkelt-timar eller for resten av dagen.
  - Elevar på 8. -10. trinn kan visast bort frå undervisninga i opp til tre dagar.
- Skulebyte, jmf. §9a-12 i Opplæringslova:
  - Dersom oppførselen til eleven i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar.
  - Det skal ikkje skje dersom mindre inngripande tiltak vil avhjelpa situasjonen.
  - Det skal ikkje skje utan at ein har prøvd ut andre tiltak.
  - Skuleeigar ved Kommunalsjef gjer vedtak for elevar i grunnskulen og rådfører seg med rektor og lærarane. Eleven skal bli høyrd.
  - Kva som er best for elevane skal vera eit grunnleggjande omsyn i vurderingane og i saksbehandlinga.
- Involvering og samarbeid med andre som PPT, politi, barnevernstenesta m fl. blir involvert.
- Elevar på ungdomstrinnet kan få direkte nedsett karakter i orden- og/eller åtferd.

Føresette skal ha beskjed før ein elev på 1. – 7. årstrinn blir vist vekk frå undervisning for resten av dagen. Det er ein forventning frå skulen om at heimen hentar eleven ved utvisning. Det er rektor som kan gjera vedtak om bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til elevane.

## § 8. Kontroll ved mistanke om regelbrot

Skulen har plikt til å handla dersom elevar har med seg farlege gjenstandar eller rusmiddel. Ved rimeleg grunn til mistanke om brot av § 6, pkt. 1 og/eller pkt. 2, skal føresette/heimen kontaktast, og leiinga ved skulen kan be eleven visa fram eigedelar som t.d. ytterjakker, sekkar og vesker, samt oppbevaringsstadar som elevane disponerer, t.d. garderobeskåp, hyller og liknande. Slik kontroll skal gjerast med minst to vaksne til stades og i eige/skjerma rom. Dersom eleven ikkje godtek dette, vil skuleleiinga på nytt kontakta heimen for assistanse/frammøte. Ved særlege høve kan også politi kontaktast.

Ved mistanke om bruk av kommunal iPad og PC (§ 6-6) i strid med ordensreglementet og/eller reglar for bruken av iPad/PC, kan skulen dra inn iPaden/PC for å sjå gjennom logg. Heimen skal alltid kontaktast ved innsyn. Dersom eleven ikkje godtek kontrollen, vil skuleleiinga ta kontakt med heimen for assistanse/frammøte.

Ved mindre brot på reglar om bruk av iPad/PC, kan skulen dra inn denne og levera han ut att når skuledagen er slutt.

## § 9. Straffbare forhold

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, skal skulen be om råd og bistand frå politiet/barnevern til å gjennomføra kontroll eller andre tiltak.

Dette gjeld forhold som:

a) tjuveri



- b) skadeverk
- c) vald
- d) trugsmål
- e) tvang
- f) narkotika
- g) rasistiske utsegn og handlingar
- h) seksuell trakassering
- i) sjikane på grunn av religion eller livssyn og liknande
- j) nettbasert mobbing

Nettbasert mobbing kan meldast til politiet.

Foreldre/føresette skal uansett varslast munnleg eller skriftleg om at det er tatt kontakt, og søkt om bistand frå politiet. Straffbare forhold kan bli meldt til politiet.

Dersom den fornærma er ein elev, avgjer eleven/foreldre/føresette om forholdet skal meldast.

## § 10. Ugyldig fråvær

---

Permisjonsreglementet til Etne kommune fastset reglane for fråvære i skulane. Skulen følgjer planen «Alle timar tel» for oppfølging av fråvære.

Dersom eleven er borte frå skulen, skal heimen gi beskjed til skulen via skulen sitt meldingssystem.

## § 11. Karakterar i orden og åtferd (jfr. forskrift til Opplæringslova § 3-4):

---

*Formålet med vurdering i orden og i åtferd er å fremje sosial læring, bidra til eit trygt og godt skolemiljø og gi informasjon om orden og åtferd.*

*Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er ordensreglementet til skolen, jf. opplæringslova § 9A-10. Elevane skal vere kjende med skolen sitt ordensreglement.*

*Orden heng saman med om eleven er punktleig, førebudd og følgjer opp arbeid.*

*Åtferd heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre.*

*Kompetanse i fag skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i orden eller i åtferd. Det skal tas omsyn til føresetnadene til eleven i vurderinga.*

*Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.*



## 4. Sakshandsaming

### § 12. Generelt

---

Saksbehandling ved brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova § 9a-10, samt saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, medrekna kap. III - kap. VI ved einskildvedtak.

### § 13. Kunngjering

---

Reglementet for orden og oppførsel, både det kommunale og det lokale, vert gjort kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved byrjinga på skuleåret.

### § 14. Endring av forskrifta

---

Kommunestyret skal fastsetja forskrift for ordensreglement for grunnskulen i Etne. Endringar av forskrifta skal gjerast av kommunestyret. Kommunedirektøren har mynde til å endra forskrifta når dette er som følgje av endringar i Lov om grunnskolen, avtaleverket eller kommunen sitt årlege budsjettvedtak. Kommunedirektøren har også mynde til å gjera mindre endringar som ikkje er av prinsipiell art.

### § 15. Iverksetjing

---

Denne forskrifta er vedteken i kommunestyret 12.06.2023 og trer i kraft frå den dato.

